

Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7850-3

Fylkeskulturprisen 2017 - oppnemning av innstillingsnemnd

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur vel desse medlemmane til innstillingsnemnda for fylkeskulturprisen:

.....
.....
.....

Vara:.....

2. Nemnda er valt for 2017 og 2018.

3. Nemnda legg fram grunngjevne forslag til hovudutvalet sitt møte i november 2017 og 2018.

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av fylkeskulturprisen for Sogn og Fjordane

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I retningslinjene for tildeling av fylkeskulturpris for Sogn og Fjordane vedtatt i hovudutval for kultur, sak 55/13, står det at ei innstillingsnemnd utpeika av hovudutval for kultur vurderer og innstiller kandidat(ar) til fylkeskulturprisen.

2. Om fylkeskulturprisen/retningslinjer

Fylkeskulturprisen har vore delt ut kvart år sidan 1980. Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i fylket. Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar:

- som høyrer heime i fylket
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein skal særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Gjennom åra har 32 enkeltpersonar fått prisen. 15 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person/lag/organisasjon. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 15 lag/organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillingar, festivalar og organisasjonar.

Fylkeskulturprisen 2017 er på 50 000 kr og eit diplom.

3. Vurdering av ordninga med innstillingsnemnd

I samband med at hovudutval for kultur i sak 55/13 vedtok revisjon av retningslinene for tildeling av fylkeskulturpris for Sogn og Fjordane, vart det også vedtatt at ei innstillingsnemnd utpeika av hovudutvalet skal vurdere og innstille kandidat(ar) til fylkeskulturprisen.

Ordninga med innstillingsnemnd har fungert i 2 periodar a 2 år. Fylkesdirektøren vurderer at erfaringane med denne arbeidsmåten er gode, og finn ingen grunnar til å gå vekk frå ordninga.

Innstillingsnemnda har i periodane 2013 – 2014 og 2015 – 2016 vore sett saman av 3 utvalsmedlemmar med ein vara. Innstillingsnemnda kan også setjast saman på andre måtar, til dømes av frittstående medlemmar eller ein kombinasjon av frittstående medlemmar og utvalsmedlemmar. Slik fylkesdirektøren ser det har det fungert godt med innstillingsnemnd sett saman av utvalsmedlemmar. Fylkesdirektøren vurderer difor at det ikkje er grunnlag for å endre denne praksisen, og rår til at også innstillingsnemnda for 2017 og 2018 får utspring i hovudutvalet, og at 2 – 3 utvalsmedlemmer utgjer gruppa.

4. Søknad/handsaming

Prisen er annonsert i aviser i fylket, på www.sfj.no og sosiale mediar med 1. november som frist for å sende inn forslag.

Innstillingsnemnda skal gå gjennom dei innkomne framlegga og vurdere dei. Nemnda kan også ta inn andre kandidatar til vurdering, t.d. kandidatar som har vore føreslått tidlegare, og kandidatar som nemnda sjølv ønskjer å fremje. Fylkesdirektøren er sekretær for gruppa, og har tale- og forslagsrett i gruppa sitt arbeid.

Innstillingsnemnda sitt framlegg skal leggast fram for hovudutvalet til avgjerd i novembermøtet. Utdeling av kulturprisen skjer i samband med fylkestinget i desember kvart år.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring og kultur nemner opp ei innstillingsnemnd som legg fram grunngjevne forslag til kandidatar til fylkeskulturprisen 2017 og 2018.